



Utval: Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Næringshagen, Hamaren
Dato: 17.10.2017
Tid: 09:00

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Pleie- og omsorgsleiar Anne Veum kjem kl 09.00 for å orientere om brukarstyrt personleg assistent, (BPA).
Kommunalsjef plan og teknikk Arild Metveit kjem kl 09.30 for å orientere om brannsikkerhet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 11/17	Referatsaker
----------	--------------

RS 21/17	Orienteringar og meldingar
----------	----------------------------

PS 12/17	Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogramm 2018-2021
----------	---

Fyresdal 11.10.17

Karin Bergland
utvalsleiar

Grethe Lassemo
utvalssekretær

PS 11/17 Referatsaker

RS 21/17 Orienteringar og meldingar



Saksframlegg

Plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv, handlingsprogram 2018-2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	34/17	12.10.2017
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	12/17	17.10.2017
Formannskap	27/17	18.10.2017
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret

Dokument i saka:

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, 2015-2022

Vedlegg:

- 1 Handlingsprogrammet 2018-2021 vedtak idrettsrådet

Bakgrunn for saka:

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2015-2022 vart revidert i 2015, og det er den årlege rulleringa av handlingsprogrammet som skal handsamast no. Handlingsprogrammet er ein del av planen og den skal rullerast kvart år. Dersom ein skal søkje om spelemidlar til eit anlegg, er det eit krav at anlegget er med i handlingsprogrammet som er ein del av vedteken plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv.

Saka vart handsama i Fyresdal idrettsråd 20.09.2017.

Deira vedtak ligg som vedlegg i saka, det er idrettsrådet sitt framlegg som vert lagt fram og kommentert i saka. Rådet for menneskje med nedsett funksjonsemne (REMNF), utvalet for oppvekst, kultur- og omsorg (OKO) og formannskapet skal gjere sin prioritering, før saka skal handsamast i kommunestyret. Det er kommunestyret sin prioritering som blir endeleg vedtak i saka.

Dei seiste åra har det vore sendt mange søknadar frå Fyresdal kommune, til dømes uteareal på Gimle, ridebane Hugljufur og seist i 2015 Hamaren Aktivitetspark og rehabilitering av skytebanen på Hagedalshavet.

Dei seiste to åra har idretten samla seg rundt prioritering av ein fleirbrukshall, det ligg derfor ingen søknadar inne på spelemidlar til andre tiltak no.

Eg vil kort kommentere kvart prioriterte punkt i handlingsprogrammet.

1. Fleirbrukshus/samfunnshus, Fyresdal kommune – ordinært anlegg:

Dette er heilt klart 1. prioritet frå idrettsrådet, og har vore det i mange år.

Det er laga eit skisseprosjekt på fleirbrukshall, plassert på parkeringsplassen til eksisterande kommunehus, kostnadsrekna til kr 38 millionar, 26,7 millionar i kommunal del og 11,3 millionar i

spelemlidar. Hallen har ferdig idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, det betyr at kulturdepartementet har godkjent teikningar og romfordeling. Når kommunestyret endeleg vedtar bygging, er alt klart til å sette spaden i jorda, og søknadar om spelemlidar kan sendast. Saka om fleirbrukshall er grundig drøfta i plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv der ny fleirbrukshall og tilpassing av samfunnshus til kulturhus var prioritet nummer 1.

Punkta omtalt nedanfor syner ytterlegare ynskje om tiltak og anlegg i Fyresdal frå idrettslaga sin side. Som de kan sjå av handlingsprogrammet har dei tenkt dette finansiert med spelemlidar og eigne midlar, og ingen kommunale midlar. Dette for å gje klare signal til kommunen om at dei ynskjer fleirbrukshallen som prioritert ein.

Fyresdal kommune og Hjartdal kommune er dei einaste som ikkje har fleirbrukshall i Telemark. Alle idrettslaga inkludert skyttarlaget står samla bak ei slik prioritering.

2. Sprintbane friidrett – Fyresdal Idrettslag - nærmiljøanlegg:

Friidretten blei nedprioritert i idrettsorganisasjonane og skulane på 70 talet, men har no ein renessanse, og det byggjast anlegg i heile landet. Styret i FIL har eit ynskje om ein sprintbane rundt fotballbanen, t.d. 110 meter langt løpefelt med fire baner og ei lengdegrop i forlenging av ytre bane.

I plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv 2015-2022, har dette vore omtalt som behov som kom fram under eit folkemøte i samband med arbeid med planen, punkt 8.1. inspel s. 18 i planen. Dei tenker som sagt finansiering med spelemlidar og eigeninnsats/eigenkapital.

3. Snokanon, Veum skiskytterarena, Fyresdal skiskyttarlag – ordinært anlegg:

Skiskyttarlaget er tydelege på at dei må ha betre snotilhøve for at utøvarane skal ha eit fullverdig treningstilbod. Ein ser at skiskyting i stor grad har blitt ein heilårsidrett, og tidleg sno for skitrening er avgjerande. Eit snokanonanlegg er ikkje vanskeleg å byggje, ei heller avskrekjande dyrt, men det er enormt ressurskrevjande å drifte. Pr. i dag er skiskyttarlaget svært usikre på om dei kan ta slikt på seg, dei er redd for å "drepe" dugnadslysten i laget. Dei har no testa ut eit par sesongar med å køyre løypemaskina opp til skogsbilvegen ved Aslestad. Det fungerer etter måten bra. Dei vil likevel ha snokanonanlegg stå på handlingsprogrammet litt fram i tid (2020).

3. Ridehall og stall på Dynja, Hugljufur Islandshestforening – ordinært anlegg:

Hugljufur Islandshestforening har stor vekst og utvikling på fleire hald og er no oppe i eit medlemstal på 50. Etter etablering av ridebane på Dynja ser dei behov for stallplassar og ridehall her for å utvikle klubbtilbodet vidare.

Dei har og tankar om å få til eit samarbeid med Vest-Telemark Vidaregåande skule om ein toppidrettsline for dei som driv med hest, treningsbase skal i så fall vere Fyresdal. Dette kan og vere viktig tiltak i samband med Skeidet, og ikkje minst rekruttering.

Komande moglege anlegg:

Hamaren aktivitetspark er gjennomført og spelemlidar utbetalt. I 2017 har det kome friske tilskotsmidlar frå kulturdepartementet til "Nyskapande aktivitetsarenaer". Her er ein i gang med skisseprosjekt og tankar om vidareutvikling av Hamaren aktivitetspark. I samband med dette kan ein sjå for seg ein mogleg søknad om ordinære spelemlidar, til utviding noverande turveg i Hamaren, nordover mot Øysteinsodden og evt. Stykkjevika. Her har ein kome for kort i prosessen til å få det inn i handlingsprogrammet for i år. Det er likevel greitt å nemne, slik at ein veit kva som "rører seg", og som mogleg kan kome på handlingsprogrammet neste år.

Handlingsprogrammet for perioden 2018-2021 er bindande, og bør implementerast i økonomiplanen for same perioden.

Innstilling frå idrettsrådet:

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 i sektor for kultur og oppvekst.

Handlingsprogrammet er handsama av idrettsrådet, som er fagleg organ for idrettslaga i Fyresdal. Deira prioriteringar bør vektleggjast når kommunen skal prioritere handlingsprogrammet.

Konklusjon:

Handlingsprogrammet for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2018-2021 blir vedtatt slik det ligg føre.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Hilde Martini Momrak
	kulturkonsulent

Prioritert handlingsprogram 2018-2021

Vedtak idrettsrådet 20.09.2017

Anleggstype	Eigar	Stad	Pri- oritet	Byggje- start	Drift pr. år		Kostnad Anlegg	Finansiering (i 1000 kr)													
					km	pm		2018			2019			2020			2021				
								km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm		
Fleirbrukshus/samfunnsh.	Fyresdal komm	Sentrum	1	2018	1200		37850	26650	5000			6200									
Sprintbane friidrett nærmiljø	Fyresdal IL	Gimle	2	2019		5	1200				600	600									
Snokanon	Skiskytterlaget	Veum	3	2020			1900							633	1267						
Ridehall/stall	Hugljufur Isl.f	Dynja	4	2020		10	3000							1000	2000						
Sum							43950	26650	5000	0	0	6800	600	0	1633	3267	0	0	0	0	
Uprioritert handlingsprogram 2022-2025																					
Anleggstype	Eigar	Stad		Byggje- start	Drift pr. år		Kostnad Anlegg	Finansiering (i 1000 kr)													
					km	pm		2021			2022			2023			2024				
								km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm		
km=	kommunale midlar																				
pm=	private midlar																				
sm=	spelemidlar																				
N=	nærmiljøanlegg																				
Alle beløp i 1000 kr																					

